

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn



Innkalling til møte i Kontrollutvalet - Askvoll kommune

Utval: Kontrollutval – Askvoll kommune
Møtedato: 22.10.2013
Møtetid: 09.00
Stad: Møteom 1.etg.
Møtenr.: 3/2013
Innkalling: Faste medlemmer i utvalet.

Melding til: Ordførar(møterett), rådmannen og KRYSS- revisjon(møterett) og varamedlemmer (varamedlemer vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762 eller på e-postadresse: post@sekom.no.

SAKLISTE

013/13 Godkjenning innkalling og sakliste.
014/13 Skriv og meldingar.
015/13 Budsjett for kontrollutvalet 2014.
016/13 Oppfølgingsliste 3-2013 Askvoll.
017/13 Eventuelt.

Askvoll 15.10 2013.

Jorunn Ringstad (s)
Leiar


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 41	post@sekom.no	951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

013/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.10.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.10.2013	013/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

014/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 15.10.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.10.2013	014/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 11-13: Vedtak i kommunestyret sak 027/13 Klage på vass og avlaupsgebyr for 2011 og føreskrift for desse.
- SM 12-13: Vedtak i kommunestyret sak 059/13 Årsrekneskapen for 2012.
- SM 13-13: Brev frå KRYSS-revisjon til Askvoll kommune «Revisjonsuttale – spelemiddelrekneskap 1428 Askvoll kommune».
- SM 14-13: Brev frå KRYSS-revisjon til Askvoll kommune «Revisjonsuttale – tilskot fiberprosjekt i Askvoll sentrum».
- SM 15-13: Brev frå KRYSS-revisjon til Askvoll kommune «Revisjonsuttale – Tilskot mobilnettutbygging i Skorva og Rivedal.
- SM 16-13: Brev frå KRYSS-revisjon til Kulturdepartementet «Revisjonsberetning, Nærmiljøsentralen i Askvoll kommune 2012».
- SM 17-13: Rundskriv frå Kommunal og Regionaldepartementet «Rundskriv om iverksetting av endringer i kommuneloven m.m. – egenkontroll mv».
- SM 18-13: E-post frå KRYSS-revisjon til Kontrollutvalet – «Statusoppdatering forvaltningsrevisjonsprosjekt: Innkjøpsfunksjonen – Askvoll kommune».

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksbeh.
Kommunestyret	17.06.2013	071/13	PJR
Komit� for n�ring, milj� og teknikk	17.06.2013	027/13	PJR

Saksbeh
Per Jan Ryland

Arkivsaknr
11/914-8

Arkiv
K1-231, K2-
M00

Klage p  vass- og avlaupsgebyr for 2011 og forskrift for desse

R DMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Reidar Fristad f r medhald i at gebyrforskrifta av 12.05.11 ikkje har tilbakeverkande kraft men gjeld fr  01. juli 2011.
2. Klage p  tal abonnement vert avvist som klage utan klagegrunnlag jf. forvaltningslova   2 og   28.
3. Klage p  gebyrstorleik og fordeling mellom fast og variabel del vert avvist som klage utan klagegrunnlag jf. forvaltningslova   2 og   28.
4. S knad om dispensasjon fr  forskrifta om vass- og avlaupsgebyr fr    2.1 abonnement og 2.1 einining vert ikkje im tekommet.
5. Sp rsm let om gebyrstorleik og fordeling mellom fast og variabel del vert lagt fram som eiga sak hausten 2013.

17.06.2013 KOMIT  FOR N RING, MILJ  OG TEKNIKK

R ysting – samr ystes:

Komit en er samd i r dmannen sitt framlegg til vedtak.

NMT-027/13 TILRÅDING:

1. Reidar Fristad får medhald i at gebyrforskrifta av 12.05.11 ikkje har tilbakeverkande kraft men gjeld frå 01. juli 2011.
2. Klage på tal abonnement vert avvist som klage utan klagegrunnlag jf. forvaltningslova § 2 og § 28.
3. Klage på gebyrstorleik og fordeling mellom fast og variabel del vert avvist som klage utan klagegrunnlag jf. forvaltningslova § 2 og § 28.
4. Søknad om dispensasjon frå forskrifta om vass- og avlaupsgebyr frå § 2.1 abonnement og 2.1 einining vert ikkje imøtekommet.
5. Spørsmålet om gebyrstorleik og fordeling mellom fast og variabel del vert lagt fram som eiga sak hausten 2013.

Saksordførar: Gunnar Osland

17.06.2013 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak.

KOM-071/13 VEDTAK:

1. Reidar Fristad får medhald i at gebyrforskrifta av 12.05.11 ikkje har tilbakeverkande kraft men gjeld frå 01. juli 2011.
2. Klage på tal abonnement vert avvist som klage utan klagegrunnlag jf. forvaltningslova § 2 og § 28.
3. Klage på gebyrstorleik og fordeling mellom fast og variabel del vert avvist som klage utan klagegrunnlag jf. forvaltningslova § 2 og § 28.
4. Søknad om dispensasjon frå forskrifta om vass- og avlaupsgebyr frå § 2.1 abonnement og 2.1 einining vert ikkje imøtekommet.
5. Spørsmålet om gebyrstorleik og fordeling mellom fast og variabel del vert lagt fram som eiga sak hausten 2013.

Kva saka gjeld:

Friplan AS framset i brev dat. 12.11.2011 klage på følgjande forhold:

Klage på iverksetjing og tilbakeverkande kraft.

Klage på fastsetjing av tal abonnement.

Klage på storleik på gebyr og fordeling mellom fast og variabel del.

Brev dat. 12.11.2011 ligg vedlagt.

Saksutgreiing:

Klage og handsaming:

Administrasjonen vil overfor både Friplan AS, SEKOM og kommunestyret beklage den lange sakshandsamingstida som denne saka har fått.

Kort om arbeidet med ny forskrift for vass- og avlaupsgebyr:

Det vart gjort vedtak i kommunestyret i møte 17.12.2010 i K-sak 059/10:

KOM-059/10 VEDTAK:

Ny føresegne/lokal forskrifter for vass- og avlaupsgebyr som vert utarbeidd innan mars 2011 med heimel i lov av 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter §2, vert gjort gjeldande frå 01.01.2011.

Endeleg forskrift skal vedtakast av kommunestyret innan utgangen av mars 2011.

Framlegg til nye forskrifter for vass- og avløpsgebyr har vore ute til offentlig ettersyn i tidsrommet 18.02.11 – 14.03.11. Framlegg har vore annonsert i Firda og har låge på rådhuset på kaia og på kommunen si heimeside. Den nye forskrifta vart etter kvart ei større sak som gav grunnlag for meir orienteringar frå administrasjonen til både politisk hold og til næringslivet. Kommunestyret fekk saka lagt fram til møte 28.03.11, men vedtok då å utsetje saka til møte i mai for å gje betre tid til å kunne komme med merknader.

Saka vart handsama i kommunestyret i møte 12.05.11 med følgjande vedtak i K-sak 015/11:

KOM-015/11 VEDTAK:

Kommunestyret vedtek forskrift for vass- og avløpsgebyr revisjon dat. 31.01.11 med gebyroppsett der:

- Fastledd blir lik 70% og variabelt ledd blir lik 30%.
- Tilknytningsavgift for ei eining lik kr. 15 000,- vatn og kr. 15 000,- for avløp.
- Nye årlege gebyr framgår av skjema som har med årsavgifter (alle gebyr eks. mva.) for stipulert forbruk både for vatn og avløp knytt til både bustadhus og hytter.

Ny forskrifter for vass- og avløpsgebyr med heimel i lov av 31. mai 1974 nr. 17 om kommunale vass- og kloakkavgifter §2 og §3 vert gjort gjeldande frå 01.01.2011.

Vurdering:

Klage på iverksetjing og tilbakevirkande kraft.

Kommunestyret har vedteke at det skal utarbeidast ny forskrift i møte 17.12.10.

Der framgår og framdrift til arbeidet som er overholdt fram til kommunestyret 28.03.11.

Vedtak av kommunestyret vart gjort i møte 12.05.11.

Hovudgrunnar for å endre lokal forskrift for vass- og avlaupsgebyr :

- Det kan ikkje fastsettes minimumsgebyr.
- Krav til at årsgebyr skal vere todelt med fastledd og variabelt ledd.

Forvaltningsloven:

§ 39. (virkning av forsømt kunngjøring).

En forskrift kan ikke påberopes overfor den enkelte før den er kunngjort som fastsatt i § 38, med mindre det påvises enten at forvaltningsorganet på annen forsvarlig måte har gjort forskriften kjent for offentligheten eller for vedkommende erverv, fag, interessegruppe eller for den forskriften påberopes overfor, eller at vedkommende har fått kjennskap til forskriften.

§ 38. (formkrav og kunngjøring).

En forskrift skal:

- a) inneholde en uttrykkelig henvisning til den eller de bestemmelser som gir forvaltningsorganet hjemmel til å utferdige forskriften, og en henvisning i samsvar med EØS-høringsloven § 12 hvis forskriften inneholder tekniske regler i henhold til nevnte lov.
- b) nevne det forvaltningsorgan som har gitt forskriften;
- c) kunngjøres i Norsk Lovtidend;
- d) i kunngjøringen betegnes som forskrift.

Når praktiske hensyn gjør det hensiktsmessig, kan kunngjøringen begrenses til en kort omtale av forskriften med opplysning om hvor teksten kan fåes eller finnes.

Knytter en forskrift seg til en bestemt hendelse eller skal den ellers gjelde for bare kort tid, og kunngjøring som nevnt i første ledd bokstav c ikke er formålstjenlig, kan kunngjøring i stedet foregå på annen måte. Det samme kan Kongen bestemme for saksområder eller tilfelle for øvrig der kunngjøring etter reglene i første ledd bokstav c ikke er formålstjenlig på grunn av forskriftens art, innhold eller virkefelt.

Kongen kan fastsette retningslinjer for anvendelsen av annet og tredje ledd og kan bestemme at forskrifter skal holdes alment tilgjengelige.

Forskrifta er kunngjort via Firda og er lagt ut som sak og gjort kjent via kommunen sin internettside. Klager viser til at den ikkje kan vere gyldig pga. at den ikkje er kunngjort i Norsk Lovtidene. Kunngjering av forskrift i Norsk Lovtidene er gjort i ettertid.

Administrasjonen meiner at forskrifta er gjort kjent på forsvarleg måte for offentlegheiten både mht. at den har vore annonsert i Firda, lagt ut på kommunen sin nettside og at den har blitt lagt ut som nyhet med oppfølging (dvs. lagt på topp) i perioden når den låg ute til offentlig ettersyn. Det var i perioden frå utlegging fram til vedtak i kommunestyret gjeve orienteringar både til næringslivet (ANU) og politisk fora. Det er likevel å beklage at nemte kunngjering ikkje vart gjort like etter vedtak. Dette vart retta opp i ettertid i 2012.

Grunnloven:

§ 97.

Ingen Lov maa gives tilbagevirkende kraft.

Kommunen har fått juridisk vurdering og har kommet fram til at kommunen ikkje hadde heimel til å kunne gje forskriften tilbakeverkande kraft frå 01.01.11. Klagar må derfor gjevast medhold i at gebyr for perioden januar – juli må følgje gammal forskrift.

Klager får derfor medhold i punkt 1 om at vedteken forskrift dat. 12.05.11 ikkje kan ha tilbakeverkande kraft.

Konsekvens er at kommunen må betale tilbake avgifter etter satser frå ny forskrift i perioden januar til og med juni månad 2011 og krevje avgifter i same periode etter gammal forskrift/gebyrregulativ med satser frå 2010 + 4% auke. Slikt arbeid er tidkrevjande og ein ønskjer å få gjennomført slik korrigering til abonnentane tidlegast til 1. termin 2014.

Klage på fastsetjing av tal abonnement:

§ 2. (definisjoner).

I denne lov menes med:

- b) enkeltvedtak, et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer;*
- c) forskrift, et vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til et ubestemt antall eller en ubestemt krets av personer;*

§ 28. (vedtak som kan påklages, klageinstans).

Enkeltvedtak kan påklages av en part eller annen med rettslig klageinteresse i saken til det forvaltningsorgan (klageinstansen) som er nærmest overordnet det forvaltningsorgan som har truffet vedtaket (underinstansen).

Klage på fastsetting av tal abonnentar er fremja mot ei forskrift om vass og avlaupsgebyr for Askvoll kommune vedteke av kommunestyret 12.05.11. Dette er ikkje eit vedtak som kan klagast på jf. forvaltningsloven § 2 sidan dette er ei forskrift. Vedtak som kan påklagast etter § 28 er enkeltvedtak etter forvaltningslova. Klage på tal abonnement vert avvist.

Storleik på gebyr og fordeling mellom fast gebyr og forbruksgebyr.

Er ikkje eit vedtak som kan klagast på jf. forvaltningsloven § 2 og § 28 jf. forklaring ovanfor. Klage på storleik på gebyr og fordeling mellom fast gebyr og forbruksgebyr vert avvist.

Søknad om dispensasjon:

Dersom klage ovanfor ikkje vert imøtekommt søker Reidar Fristad om dispensasjon frå forskrift om vass- og avlaupsgebyr § 2.1 Abonnement og § 2.1 Eining (sjå vedlagt forskrift).

Forskrifta kan etter § 6 vurdere frådrag eller tillegg i årsgebyr.

Her vert det vist til muleg frådrag dersom det kan reknast tillegg eller frådrag frå avløpsmengde etter 1 og 2 avsnitt. Det er ikkje muleg etter regelverket å innfri omtalte søknad om dispensasjon frå § 2.1 Abonnement og 2.1 Eining.

Etter administrasjonen si vurdering vert det gjeve avslag på søknad om dispensasjon.

Nytt gebyrreglement og ei drøfting mellom fast og variabel del:

Kommunen arbeider med å få til nytt gebyrreglement og vil i dette arbeidet måtte føreta ei drøfting mellom fast og variabel del. Sak om nytt reglement vil komme hausten 2013. Administrasjonen ser at forholdet mellom kostnad med å installere vassmåler og fordeling mellom fast og variabel del vert urimeleg og vil komme med forslag om å endre denne fordelinga i sak som kjem hausten 2013.

Konklusjon:

1. Reidar Fristad får medhald i gebyrforskrifta av 12.05.11 ikkje har tilbakeverkande kraft men gjeld frå 01. juli 2011.
2. Klage på tal abonnement vert avvist som klage utan klagegrunnlag jf. forvaltningslova § 2 og § 28.
3. Klage på gebyrstorleik og fordeling mellom fast og variabel del vert avvist som klage utan klagegrunnlag jf. forvaltningslova § 2 og § 28.
4. Søknad om dispensasjon frå forskrifta om vass- og avlaupsgebyr frå § 2.1 abonnement og 2.1 eining vert ikkje imøtekommet.
5. Spørsmålet om gebyrstorleik og fordeling mellom fast og variabel del vert lagt fram som eiga sak hausten 2013.

Aktuelle lover, forskrifter, avtalar mm.:

SAKSDOKUMENT:

Trykte vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
1	I	12.11.2011	Reidar Fristad	Klage på vass- og avlaupsgebyr for 2011 og forskrift for desse

Forskrift om vass- og avløpsgebyr for Askvoll kommune vedteke av Askvoll kommunestyre 12.05.11 i K-sak 15/11.

Ikkje trykte vedlegg:

Nr	T	Dok.dato	Avsender/Mottakar	Tittel
2	U	22.11.2011	Reidar Fristad	Klage på vass- og avlaupsgebyr for 2011 og forskrift for desse og søknad om dispensasjon frå forskrifta om vass- og avlaupsgebyr
3	I	15.03.2012	SEKOM-sekretariatet	Kontrollutvalsak 04/12 Klagesak - Vurdering av lovlegheit kommunestyrevedtak sak 15/11 Forskrift for vass- og avlaupsgebyr - Askvoll
4	I	11.05.2012	SEKOM-sekretariatet	Kontrollutvalsak 04/12 Klagesak - vurdering av lovlegheit - kommunestyresak 15/11 Forskrift for vass og avlaupsgebyr
5	I	17.08.2012	Friplan Reidar Fristad	Friplan, - klage på vass- og avlaupsgebyr 2011 - manglande svar på klage.
6	U	02.11.2012	Friplan	Klage på vass- og avlaupsgebyr for 2011 og forskrift for desse
7	I	05.12.2012	SEKOM-sekretariatet	Kontrollutvalsak 04/12 Klagesak - Vurdering av lovlegheit kommunestyrevedtak sak 15/11 Forskrift for vass- og avlaupsgebyr - Askvoll

Sm 12-13



SAKSGANG			
Styre, utval, m.m.	Møtedato	Saksnr	Saksansv
Formannskapet	06.06.2013	066/13	SVF
Kommunestyret	17.06.2013	059/13	SVF

Saksbeh
Svein Festervoll

Arkivsaknr
13/64-4

Arkiv
K1-210

Årsrekneskapen for 2012

RÅDMANNEN SITT FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Askvoll Kommunestyre godkjenner den framlagt driftsrekneskapen for 2012 med dei disponeringane som er gjort. Rekneskapen er oppgjort med eit negativt netto driftsresultat på 6,808 mill kr.
Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 4.957.759,-.
2. Askvoll Kommunestyre godkjenner den framlagte investeringsrekneskapen for 2012 med dei disponeringane som er gjort. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse – manglande finansiering er finansiert med ubrukne lånemidlar frå tidlegare år.
3. Askvoll Kommunestyre godkjenner årsmeldinga for 2012.
4. Kommunestyret ber om at ny sak om inndekning av underskotet etter rekneskapsåret 2012 vert lagt fram saman med 2.tertialrapport 2013. Fram til dette tidspunkt gjeld Kommunestyret sitt vedtak i sak 32/13 – budsjettregulering av budsjett 2013.

06.06.2013 FORMANNSKAPET

Røysting – samrøystes:

Formannskapet er samd i rådmannen sitt framlegg til vedtak.

FOR-066/13 TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Kommunestyret godkjenner rådmannen sitt framlegg til vedtak

17.06.2013 KOMMUNESTYRET

Røysting – samrøystes vedtak:

Kommunestyret er samd i rådmannen sitt framlegg

KOM-059/13 VEDTAK:

1. Askvoll Kommunestyre godkjenner den framlagt driftsrekneskapen for 2012 med dei disponeringane som er gjort. Rekneskapen er oppgjort med eit negativt netto driftsresultat på 6,808 mill kr.
Etter interne finanstransaksjonar er rekneskapen gjort opp med eit rekneskapsmessig meirforbruk på kr. 4.957.759,-.
2. Askvoll Kommunestyre godkjenner den framlagte investeringsrekneskapen for 2012 med dei disponeringane som er gjort. Investeringsrekneskapen er gjort opp i balanse – manglande finansiering er finansiert med ubrukte lånemidlar frå tidlegare år.
3. Askvoll Kommunestyre godkjenner årsmeldinga for 2012.
4. Kommunestyret ber om at ny sak om inndekning av underskotet etter rekneskapsåret 2012 vert lagt fram saman med 2.tertialrapport 2013. Fram til dette tidspunkt gjeld Kommunestyret sitt vedtak i sak 32/13 – budsjettregulering av budsjett 2013.

Kva saka gjeld:

Godkjenning av rekneskapen 2012

Saksutgreiing:

Kommunelova § 48 nr.3 har denne ordlyden:

Kommunestyret vedtar sjølv årsrekneskapen. Vedtaket treffes på grunnlag av innstilling frå Formannskapet... Vedtaket må angi disponering av rekneskapsmessig overskot eller dekning av rekneskapsmessig underskot.

Forklaring til rekneskapen kjem fram av den vedlagte årsmeldinga og rekneskap med notar.

SAKSDOKUMENT:**Trykte vedlegg:**

Nr	T	Dok.dato	Avsendar/Mottakar	Tittel
1	I	10.01.2013	KRYSS-revisjon	Avslutning av årsrekneskapen for år 2012
2	I	15.04.2013	Fylkesmannen i Sogn og Fjordane	Innsending av rekneskap 2012
3	I	21.05.2013	SEKOM-sekretariatet	Fråsegn frå kontrollutvalet om årsrekneskapen 2012 Askvoll kommune

Askvoll Kommune
v/Rådmannen
6980 Askvoll

Dykkar ref.:	Vår ref.:	Arkivkode:	Journalnr.:	Dokumentdato:
	Kryss/askvoll/spelemiddelreknesakp/turkart HAFS-kommunane//tf13	243	031 / 2013	5. september 2013

REVISJONSUTTALE – SPELEMIDDELREKNESKAP 1428 ASKVOLL KOMMUNE - Anleggsnr. 1428 006701, Turkart HAFS-kommunane

Rekneskapen for ovannemnde prosjektanlegg har vore førelagt kommunerevisjonen i Askvoll kommune for gjennomsyn og kontroll.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala kring slik rapportering. Vårt oppdrag er utført i samsvar med «SBT 4400, Avtala kontrollhandlingar». Revisjonshandlingane er utført for å bistå kommunen og fylkeskommunen i vurderinga av riktigheita av rekneskapen og for at anlegget er i samsvar med Kulturdepartementet sine retningslinjer i Rundskriv V-0732.

Vi vil oppsummere vårt arbeide slik:

Det ligg føre rapporteringsskjema for anlegget, som viser ein totalkostnad på kr 769.142,-. Prosjektet har i seg eit søknadsgrunnlag på kr 736.500,- med eit tilskotstilsagn av 08.06.11 på kr 245.000,-. Det er ikkje utbetalt noko av dette. I søknadsgrunnlaget vart det medteke verdi av dugnad med kr 235.000,-. Rekneskapen viser utførte dugnadsarbeider med kr. 228.265,-. Prosjekteigar har påteikna rekneskapsskjemaet den 01.08.2013 og kommunen har også stadfesta at anlegget/prosjektet er gjennomført i samsvar med planane, d. 01.08.13.

Vi har gjennomført følgjande kontrollhandlingar:

- ⊙ om rekneskapssamandraget er underskrive på vegne av kommunen
- ⊙ om rekneskapen er samanliknbar med kostnadsoverslaget
- ⊙ om verdien av dugnad, gåver og rabattar er ført opp iht godkjent kostnadsoverslag
- ⊙ om sluttkostnaden for anlegget i rekneskapssamandraget utgjør verdien av kontantutgifter og verdier av gåver, dugnader og rabattar slik det er oppstilt i rekneskapssamandraget/-skjemaene

Vidare har vi kontrollert

- ⊙ eit tilfeldig utplukk av utgiftsbilaga mht om:
 - ☒ fakturaene er bokført med rett beløp
 - ☒ det er utgifter som åpenbart ikkje synest å vedkome prosjektet
 - ☒ utgiftene er stønadsberettiga etter regelverket
 - ☒ det ligg føre betalingsbilag/kontoutskrift som dokumenterer betalinga

Utover det vi har nemnt i tredje avsnitt ovanfor, har ikkje vi ytterlegare kommentarar til sluttrekneskapen. Vi har gjeve vår påteikning på rekneskapsrapporteringa, med visning til denne melding, og reknar med at kommunen tek rekneskapssaka vidare til fylkeskommunen og dei instansar som elles er berørt i saka.

Vi vil ikkje ha merknader til at tilskotet vert kravd utbetalt og tilført som finansiering i prosjektet.

Florø den 5. september 2013

Med helsing

Kommunerevisjonen
 Ytre Sogn og Sunnfjord
 Postboks 137, 6801 Førde
 Førde

Dagleg leiar/Revisjonssjef

Dagleg leiar/Revisjonssjef

KRYSS REVISJON
 KOMMUNEREVISJONEN I
 YTRE SOGN OG SUNNFJORD


Vedlegg:

Rekneskapssamandrag m/vedlegg

Kopi:

Økonomiansvarleg i Askvoll
 Rådgjevar J. v Gangelen
 Kontrollutvalet i Askvoll
 Ordføraren

Rekneskapssamandrag for bygging av anlegg for idrett og fysisk aktivitet

Anlegg:	Turkart for HAFS-kommunane	Anleggsnr.:	1428006701
Anleggsseigar:	HAFS-Regionråd	Kommune:	Hyllestad, Askvoll, Fjaler, Solund og Gulen
Rekneskapen er	☐ Delrekneskap ☒ Sluttrekneskap	for perioden frå	12.01.2010 til 15.06.2013
Hardbakke Stad	01.08.2013 Dato	 Underskrift anleggsseigar	
Anlegget er fullført i samsvar med planen		LANDSKAPSKULTURUTVALGET	
Askvoll Stad	01.08.2013 Dato	 Stempel og underskrift kommune	
Rekneskapen er kontrollert. Revisorattest er vedlagt, d. 5/9.2013		KOMMUNEREVISJONEN	
Florø Stad	Dato 05.09.2013	Ytre Sogn og Sunnfjord Kommune	
		Stempel og underskrift revisor	
		REVISJON	
		KOMMUNEREVISJONEN I YTRE SOGN OG SUNNFJORD	
		Dagleg leiar/Revisjonssjef	

Finansiering av anlegget

	Budsjett i søknaden	Rekneskap
Tilskot av spelemidlane (utbetalt)	245 500	245 000
Eigenkapital		
Kommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)	131 000	138 235
Fylkeskommunale tilskot (inkl. ikkje-utbetalte tilskot)		
Private tilskot, kontantar		
Andre tilskot	125 000	157 642
Lån		
Sum kontantinntekter	501 500	540 877
Gåver, rabattar		
Dugnad	235 000	228 265
Sum samla finansiering i søknaden	736 500	
Ikkje-utbetalte spelemidler		
Andre uteståande fordringar		
Sum samla finansiering i rekneskapen		769 142

Kulturdepartement
Idrettsavdelingen
Postboks 8030 Dep, 0030 Oslo
Telefon 22 24 80 64
Telefaks 22 24 95 52
postmottak@kud.dep.no



Utgifter

Hovudpostane i rekneskapen skal vere dei same som postane i det godkjende budsjettet.
Før Inn tala frå kostnadsoverslaget.

Hovudpost	Budsjett i søknaden				Rekneskap				
	1) Sum kjøpte varer og tenester	2) Mva. på kjøpte varer og tenester	3) Verdi av dugnad, gåver og rabattar	Sum totalverdi 1+2+3	Kjøpte varer og tenester	Betalt mva.	Sum betalte utgifter	Verdi av dugnad, gåver og rabattar	Sum totalverdi
Utgifter som gir rett til tilskot									
1) Disp. rett/kjøp kartdata	30 000	7 500		37 500	21 060	5 265	26 325		26 325
2) Kartdata tilrettelegging	10 000	2 500		12 500	9 305	2 326	11 631		11 631
3) Utlarb. Kartbase	85 000	21 250		106 250	84 290	21 073	105 363		105 363
4) Publikiseringsrett	25 000	6 250		31 250	25 000	6 250	31 250		31 250
5) Layout/utslitt	18 000	4 000		22 000	18 360	4 090	22 450		22 450
6) Markarbeld/GPS			150 000	150 000			0	150 000	150 000
7) Trykking inkl. levering	60 000	15 000		75 000	50 045	12 511	62 556		62 556
8) Redaksjon, tekst, bilder	75 000	18 750	50 000	143 750	81 735	20 436	102 171	43 265	145 436
9) Kjøp av bilder	25 000	6 250		31 250			0		0
10) Oversetting	25 000	6 250		31 250			0		0
11) Ulforsett	50 000	12 500		62 500	24 905	6 226	31 131		31 131
12) Administrasjon			35 000	35 000			0	35 000	35 000
13) Informasjonstavler				0	120 000	30 000	150 000		150 000
14)				0			0		0
15)				0			0		0
16)				0			0		0
17)				0			0		0
18)				0			0		0
19)				0			0		0
20)				0			0		0
21)				0			0		0
22)				0			0		0
23)				0			0		0
24)				0			0		0
25)				0			0		0
26)				0			0		0
27)				0			0		0
28)				0			0		0
29)				0			0		0
30)				0			0		0
Sum	401 000	100 250	235 000	736 250	432 700	108 177	540 877	226 265	769 142
Utgifter som ikkje gir rett til tilskot									
1)				-			-		-
2)				-			-		-
3)				-			-		-
4)				-			-		-
5)				-			-		-
6)				-			-		-
7)				-			-		-
8)				-			-		-
9)				-			-		-
10)				-			-		-
11)				-			-		-
12)				-			-		-
13)				-			-		-
14)				-			-		-
15)				-			-		-
Sum	-	-	-	-	-	-	-	-	-
Samla utgifter				736 250			540 877		769 142

Felt som skal fyltast ut ved søknad om mva-kompensasjon:

Betalt mva.*	
Frådragsgodkjend mva.*	
Mva. det kan søkjast om kompensasjon for	0

* Betalt mva. for utgifter som gir rett til tilskot

* Frådragsgodkjend mva. er Inngåande mva. som kan førast som frådrag i det ordinære avgiftsoppgjeret for dei søkjarane som er registrert i mva-registret



SOGN OG FJORDANE FYLKESKOMMUNE

Askvoll kommune

Postboks 174

6988 ASKVOLL

ASKVOLL KOMMUNE	
POSTMOTTAK	
Arkivsak nr.	Jnr. nr.
10/20-38	11/4215
10 JUNI 2011	
Arkivkode	K 11 285
U.off.	Saksh.
Kopi	08.06.2011

Deres ref.:

Saksbehandler:

Søknadsnr: 11/00371

Guro Høyvik

Arkiv nr:

FORDELING AV MIDLAR TIL IDRETTSANLEGG 2011 - TILSEGN OM ORDINÆRE MIDLER TIL ANLEGGSNR 1428006701 TURKART FOR HAFS-KOMMUNANE - ASKVOLL KOMMUNE.

Vi viser til søknad om tilskot til nemnde anlegg.

Ved fordeling av spelemidler vart søknaden imøtekomen med eit tilskot på kr 245 000.

Generelle retningslinjer for utbetaling av løyvd tilskot:

1. Det kan søkjast om delutbetaling når anleggsarbeida er kome godt i gang. Søknad om delutbetaling må innehalde eit delrekneskap og ein statusrapport med kommunal stadfesting på framdrifta av anlegget.
2. Løyvd tilskot skal i hovudsak nyttast i tildelingsåret. Tilskot som ikkje vert teke ut innan 2 år etter at tilsegn er gjeve, det vil seie datoen på tilsegnsbrevet, vert inndrege.
3. Sluttutbetaling vert ikkje gjort før kontrollert rekneskap er sendt inn saman med kommunal stadfesting på at anlegget er fullført i samsvar med godkjende planar. Kommunerevisor må kontrollere rekneskap ved tilsegn om tilskot over kr 100 000,-. For kart skal i tillegg eit eksemplar av kartet leggst ved.
4. Alle utbetalingar skjer via den kommunen der anlegget er fysisk plassert.
5. Dersom det gjeld fornying av søknad, skal denne leverast på elektronisk skjema. Orientering om byggearbeidet og førebels rekneskapsoversikt skal leggst med, sjå V-0732. Dersom anlegget er ferdigstilt, skal kontrollert rekneskap leggst ved søknaden.

Vidare viser vi til føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732.

Postadr.: Kulturavdelinga, Postboks 173, 6801 FØRDE
E-post: postmottak.sentraladm@sfi.no

Tlf.: +47 57656100
Faks: +47 57656101



Klagerett:

Forvaltningslova gjev søkjarar som har fått avslag på søknad om tilskot frå spelemidlane rett til å klage over det vedtaket som er gjort, sjå Forvaltningslova § 27 tredje ledd og § 28 andre ledd, samt kapittel 7 i føresegnene om tilskot til anlegg for idrett og fysisk aktivitet, V-0732. Klagefristen er 3 veker frå den dagen dette brevet er motteke. Dersom fylkeskommunen ikkje endrar vedtaket som følgje av klaga, skal saka sendast Kultur- og kyrkjedepartementet for endeleg avgjerd.

Klageskjema finn ein på sida <http://www.signform.no/dss/>

Med helsing

Ingebjørg Erikstad (sign.)
fylkesdirektør

Guro Høyvik
rådgjevar

Kopi: SF Revisjon IKS

Søknad om spillemidler til idrettsanlegg

Referansenummer: QTIUCW

Registrert dato: 2011-01-08 17:05:59

Vedlegg:

2009 Priser disposisjonsrett marine geodata.pdf

2009 Priser markedsrett marine primærdata turkart.pdf

Behov for turkart i HAFS - vurdering.doc

Finansieringsplan turkart i HAFS.doc

Idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning frå Fjaler.pdf

Kopi av Kostnadsoverslag spelemiddelsøknad kart excel nynorsk.xls

Opplev Kystarven 100 turar i HAFS.doc

Plan for drift og vedlikehald av turkart i HAFS.doc

Stadfesting arbeid med turkart frå turstigruppa.pdf

Søknad om idrettsfunksjonell førehandsgodkjenning.pdf

Teknisk beskrivesle frå kartkonsulent.pdf

Tilbod kartkonsulent.pdf

Søker nr

320325

Navn

Askvoll kommune

Adresse

Postboks 174

Postnummer

6988

Poststed

ASKVOLL

Hvis adressen over ikke er korrekt, kontakt kommunen eller DNT

Søknad om tilskudd til

☒ Anlegg for idrett og fysisk aktivitet

☐ Ordinære nærmiljøanlegg

☐ Mindre kostnadskrevnede nærmiljøanlegg

☐ Anlegg for friluftsliv i fjellet

☐ Kulturbygg

Søknaden gjelder

☒ Nytt anlegg

☐ Rehabilitering

Anleggsnummer

1428006701

Anleggsnavn

Turkart for HAFS-kommunane

Tittel på søknad

Turkart for HAFS-kommunane

Kommune/DNT

☒ ASKVOLL

Anleggets samlede kostnad

736250

Konto for alle inn- og utbetalinger

37400501034

Regnskapsansvarlig

Askvoll Kommune

Tlf.

57730700

Planene er forhåndsgodkjent

17.12.2011

av

Fjaler kommune

Byggearbeidet ble/vil bli påbegynt

20.01.2011

og planlegges fullført

20.01.2012

☒ Alle søkere plikter å gjøre seg kjent med gjeldende bestemmelser. Jeg erklærer herved at jeg har lest nødvendig informasjon, og at jeg samvittighetsfullt og etter beste evne har svart på spørsmålene. Jeg er oppmerksom på at hvis jeg ikke gir riktige opplysninger, kan dette føre til at søknaden ikke godkjennes.

Sted

Askvoll

Dato

08.01.2011

Kontaktperson

Ann Kristin Nes

Tlf.

57730700

E-postadresse

postmottak@askvoll.kommune.no

De ulike delene av finansierungsplanen for anlegget må dokumenteres med vedlegg. Finansierungsplanen må dekke de samlede kostnadene ved bygging av anlegget.

Beskrivelse	Bilag nr.	Beløp
1. Søknadssum		245500
2. Egenkapital		
3. Kommunalt tilskudd		131000
4. Fylkeskommunalt tilskudd		
5. Private tilskudd		
6. Lån		
7. Dugnad		235000
8. Gaver/rabatter		
9. Andre tilskudd		125000
10. Tidligere spillemidler		
		Sum: 736 500,00



Sakshandsamar:
Hildegunn Aamot Dahl
E-post: hildegunn.aamot.dahl@sfj.no
Tlf.: 415 30 614

Vår ref.
Sak nr.: 13/3135-42
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.
19154/13

Dykkar ref.

Dato
FØRDE, 06.06.2013

Askvoll kommune

Postboks 174
6988 ASKVOLL

**Askvoll - utsetjing av frist for innsending av reviert rekneskap
Anl. nr: 1428 0067 01 turkart HAFS**

Vi viser til søknad om utsetjing av frist for innsending av revisjonsmelding og rekneskap for spelemidlar til nemnde anlegg.

Det ligg føre tilfredsstillande dokumentasjon og vi gjev utsett frist til 31.08.13.

Med helsing

Ingebjørg Erikstad (sign)
fylkesdirektør

Hildegunn Aamot Dahl
konsulent

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift



Askvoll kommune
Rådmannen

6980 ASKVOLL

Kopi:

Prosjektleder Jeroen van Gangelen
Konst. Øk.sjef Nina Haugstad
Kontrollutvalet i Askvoll kommune

Dykkar ref.:
09/1086-40

Vår ref.:
At/F:\...\Askvoll\Revisjonsuttale
tilskot Fylkeskommunen

Arkivkode:
216

Journalnr.:
037 / 2013

Dokumentdato:
15.10.2013

REVISJONSUTTALE

– TILSKOT FIBERPROSJEKT I ASKVOLL SENTRUM

Ref. Brev av 18.12.2009 frå Sogn og Fjordane fylkeskommune til Askvoll kommune om tilskot på kr. 175.000,- til fiberprosjekt og epost av 28.09.2013 frå fylkeskommunen v/Olav Skarbø om stadfesting av løyvinga. Utskrift av rekneskapsoppstilling pr. 07.10.2013 for Askvoll kommune sine kostnader knyta til prosjektet har vore førelagt kommunerevisjonen i Askvoll kommune for gjennomsyn, kontroll og uttale.

Vi har gjennomført dei kontrollhandlingar som er avtala kring slik rapportering. Vårt oppdrag er utført i samsvar med revisjonsstandard «ISRS 4400, Avtala kontrollhandlingar». Revisjonshandlingane er utført for å bistå kommunen og fylkeskommunen i vurderinga av riktigheita av rekneskapen med ei viss sikkerheit for at tilskotsmidlane er nytta i samsvar med prosjektplan og føresetnader for tilskotsmidlane.

Vi vil oppsummere vårt arbeide slik:

Det ligg føre rekneskap for prosjektet «Fiberprosjekt i Askvoll sentrum» frå prosjektleder i Askvoll kommune, datert. 07.10.2013. Denne viser kostnader slik det er ført i Askvoll kommune sin offisielle kommunerekneskap, og har også i seg spesifisert finansiering. Sum totale rapporterte kostnader i prosjektrekneskapen utgjer kr. 267.039,90. Prosjektet var budsjettert med kr. 350.000,-. Det vert vist til rekneskapsoppstilling, datert. 07.10.13. Det vert også vist til tilsagnsbrev av 18.12.2009 frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune. Dokument i saka viser også finansiering og løyvingar/budsjett.


